

VARANGER KRAFTVIND AS  
Nyborgeveien 70  
9800 VADSØ

Vår dato: 12.11.2021  
Vår ref.: 200707841-109  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## Vedtak om utsett frist for idriftsetting av Ráikkočearro (Raggovidda) vindkraftverk trinn II frå 31.12.2021 til 31.12.2022

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 09.09.2021 frå Varanger KraftVind AS (VKV) om utsett frist for idriftsetting av Ráikkočearro (Raggovidda) vindkraftverk trinn II i, Berlevåg kommune, Troms og Finnmark fylke.<sup>1</sup> VKV søker i medhald av Energiloven og gjeldande anleggskonsesjon om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 31.12.2022.

### NVEs vedtak

**NVE gir i medhald av energiloven § 3-1, ff. § 10-4 andre ledd, Varanger Kraftvind AS utsett frist for idriftsetting av Raggovidda vindkraftverk trinn II frå 31.12.2021 til 31.12.2022.**

### 1. Bakgrunn

Anleggskonsesjon for Raggovidda vindkraftverk vart tildelt Varanger Kraftproduksjon AS 07.06.2010.<sup>2</sup> Vindkraftverket var planlagt utbygd i to byggetrinn, trinn I på 30 MW, trinn II på 170 MW. Den 02.08.2012 vart konsesjonen overført frå Varanger Kraftproduksjon AS til Varanger KraftVind AS.<sup>3</sup> Det vart samtidig ei endring i fordeling av kapasiteten mellom dei to byggetrinna til 45 MW for trinn I og 155 MW for trinn II. Den 29.05.2019 vart utbygginga delt inn i tre byggetrinn, den nye fordelinga vart trinn I 45 MW, trinn II 51.6 MW og trinn III 103 MW.

Det første byggetrinnet vart fullført september 2014 og trinn III har fått innvilga ein søknad om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2026.<sup>4</sup>

<sup>1</sup> NVE ref. 200707841-104

<sup>2</sup> NVE ref. 200707841-29

<sup>3</sup> NVE ref. 200707841-77

<sup>4</sup> NVE ref. 200707841-103



VKV har tidlegare søkt og fått innvilga ei utsett frist for idriftsetting for trinn II frå 01.08.2018 til 31.12.2021 på grunn av avgrensingar i nettkapasiteten.<sup>5</sup> Bygginga av Raggovidda vindkraftverk trinn II starta 22.04.2020.<sup>6</sup>

## 2. Søknaden

I søknaden av 09.09.2021 skriv VKV at dei søker om ei utsett frist for idriftsetting av Raggovidda trinn II som følgje av forseinkingar knyta til transport og montering. Dei legg vekt på tre forhold:

- Forseinkingar i godkjenning frå Statens vegvesen for lokal løysing for bruk av kai i Båtsfjord. Dette forsinka turbinleveransen frå Kina fordi ein ikkje kunne levera før kai var avklart.
- Transportutfordringar mellom Kina og Berlevåg/Båtsfjord på grunn av manglande båtkapasitet og blokade av Suezkanalen.
- Dei forseinka turbinleveransar til anlegget gjer det utfordrande å bli ferdig i 2021 på grunn av vanskelegare vêrhøve i form av snø, låge temperaturar, aukande vindhastigheit og fleire dagar med tåke. Dette gjer det vanskelegare og til slutt uforsvarleg av sikkerheitsgrunnar å montera turbinane.

VKV skriv at dei på tidspunktet for søknaden, veke 36, har gjort preinstallasjonar på ni turbinar og løfta på plass eit maskinhus. Ingen rotorblad var montert per 10.09.2021. Dei skriv at montering av rotorblada berre kan gjennomførast med absolutte vindhastigheitar som er lågare enn 7 - 8 m/s. Forseinkinga i prosjektet er tilnærma sju veker. VKV skriv at dei prøver å bli ferdige i løpet av 2021.

VKV skriv at konsekvensane av ei forlenging av anleggsfasen til neste år vil vera auka støy og forstyringar for reindrifta, spesielt i tilknytning til kalvingsperiode om våren. For å ta omsyn til reindrifta ved ei eventuell forseinking og forlenga monteringsfase i 2022, planlegg VKV oppstart av monteringsarbeid 01.07.2022 for å ta omsyn til kalvingsperioden. Dette er same tidspunkt som oppstart i innverande år.

## 3. Høyring

Den 15.09.2021 sendte NVE søknaden på høyring til Berlevåg kommune, Båtsfjord kommune, Statsforvalteren (tidlegare Fylkesmannen) i Troms og Finnmark, Troms og Finnmark fylkeskommune, Varanger Kraftnett AS, Finnmarkseiendommen (FeFo), Forum for Natur og Friluftsliv Finnmark, Motvind Nord Vuostabiegga Davvin, Naturvernforbundet i Finnmark, Norges Miljøvernforbund, Norske Reindriftsamers Landsforbund, Norwea, Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7, Øst-Finnmark, Sametinget, Statens Vegvesen og Statnett SF. NVE bad vidare VKV orientera aktuelle grunneigarar og eventuelt andre rettshavarar om søknaden. Høyringsfristen var 06.10.2021.<sup>7</sup>

NVE fekk høyringssvar frå organisasjonen Dream Team og Statens vegvesen. NVE sendte høyringssvara til VKV for kommentar og fekk svar 26.10.2021.<sup>8</sup>

### 3.1. Innkomne høyringssvar

---

<sup>5</sup> NVE ref. 200707841-86

<sup>6</sup> NVE ref. 201905483-24

<sup>7</sup> NVE ref. 200707841-105

<sup>8</sup> NVE ref. 200707841-114



Dream Team skriv at ein ikkje må innvilga utsett frist fordi det ikkje samsvarer med Stortingets vedtak 799 av 19.06.2020:

*Stortinget ber regjeringen innanfor gjeldende regelverk ikke gi forlengt frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon.*

Dream Team skriv vidare at VKV har hatt kunnskap om at vêret kan væra utfordrande og at dei sjølv er skuld i at bygginga starta seint. Dream Team skriv også at dette vil øydelegga livsgrunnlaget for tusen personar som lever av reindrift.

Statens vegvesen har ingen merknadar til søknaden.

### **3.2. VKVs kommentarar**

VKV skriv at det er perifert å trekka inn Stortingets vedtak om eit vindkraftverk som er under bygging.

VKV skriv at utsettinga først og fremst er grunngeven i avklaring og løyve på transport frå Båtsfjord til anlegget, samt forseinkingar i transport av turbinar frå Kina til Noreg. Dette gjorde at montasjen først kom i gang i månadsskifte august/september, ca. to månadar etter planen. VKV skriv at dei har god kjennskap til vêrforholda på Raggovidda, og at det er på denne bakgrunnen dei vurderer at det framleis er ein risiko for at dei ikkje blir ferdige med montasje før vinteren setter inn.

VKV er ueinig i at Raggoviddaprojektet vil øydelegga livsgrunnlaget til tusen personar tilknytt reindriften. Dei skriv at prosjektet vil danna grunnlag for næring og utvikling av Varanger og at reindriften er tatt omsyn til gjennom avtalar med VKV. Dei skriv vidare at anlegget ikkje er til hinder for framleis reindrift i området.

## **4. NVEs vurdering**

NVE viser til vårt brev av 27.11.2019 der vi informerer om vår praksis ved handsaming av søknadar om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk. I brevet står det at NVE kan forlenga fristen for idriftsetting av vindkraftverk utover 31.12.2021 i særlege tilfelle der konsesjonær har kome langt i byggearbeida og uforutsette forhold, «force majeure», hindrar idriftsetting i tide.

Basert på dokumentasjonen frå VKV og NVEs tilsyn i samband med utbygginga den 08.07.2021, konstaterer NVE at det meste av infrastrukturen, som internveggar og turbinfundament var på plass i 2020, og at det som står att er montering av vindturbinane.<sup>9</sup> VKV har informert at den planlagde overtakinga av vindkraftverket opphavleg var 16.10.2021.<sup>10</sup>

Etter NVEs vurdering er forseinkingane i turbinleveransar forhold som er utanfor konsesjonærens kontroll. NVE konstaterer at forseinkingane fører til at ein større del av turbinmontasjen må utførast i vintersesongen. Dette gjer det meir utfordrande å nå fristen for idriftsetting i 31.12.2021.

Ei utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket vil føra til at anleggsperioden blir fordelt over ein lenger tidsperiode, og ein lengre anleggsperiode kan medføre ulemper for omgjevnadane, eksempelvis for reindrift og naturmangfald. NVE meiner likevel dei samla ulempene av ein lengre anleggsperiode er mindre enn eventuelle ulemper konsesjonær, og samfunnet for øvrig, vil få dersom prosjektet ikkje blir fullført. NVE viser til at dei fysiske arealinngrepa i hovudsak allereie gjennomført, at byggetrinn I har

---

<sup>9</sup> NVE ref. 201905483-55

<sup>10</sup> Telefonsamtale mellom NVE og VKV den 13.10.2021



vore i drift i fleire år og at byggetrinn III har fått innvilga utsett frist for idriftsetting av OED til 31.12.2026.

#### **4. Samla vurdering**

**Etter NVEs vurdering gjer utforutsette forseinkingar i turbinleveransar frå Kina det utfordrande å ferdigstillast Raggovidda vindkraftverk trinn II innanfor gjeldande frist for idriftsetting, 31.12.2021. På bakgrunn av dette gir NVE i medhald av energiloven § 3-1, ff. § 10-4 andre ledd, Varanger Kraftvind AS utsett frist for idriftsetting av Raggovidda vindkraftverk trinn II frå 31.12.2021 til 31.12.2022.**

NVE har vurdert at ei utvida frist for idriftsetting på eit år ikkje vil gi vesentlege verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som vart vurdert i bakgrunn for vedtak av 07.06.2010, jf. naturmangfoldloven § 8. Det blir derfor ikkje gjort vurderingar av §§ 9 til 12.

#### **5. Klagerett og orientering av grunneigarar og rettshavarar**

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saken og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunkt denne underretning er komen fram, jf. fvl. kapittel VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

Vi ber VKV om å underrette grunneigarar og andre rettshavarar om dette vedtaket. Underretninga skal etter forvaltningsloven gi opplysningar bl.a. om klagerett, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument. Vi ber derfor VKV om å senda en kopi av vedtaket til grunneigarar og andre rettshavarar. Kopi av orientering skal sendast til NVE.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

BERLEVÅG KOMMUNE  
Båtsfjord kommune  
DREAM TEAM BUSSEN  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I FINNMARK  
MOTVIND NORD VUOSTABIEGGA DAVVIN  
Naturvernforbundet i Finnmark  
Norges Miljøvernforbund  
Norske Reindriftsamers Landsforbund  
NORWEA  
Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7, Øst-Finnmark



Sametinget / Samediggi  
STATENS VEGVESEN  
STATNETT SF  
STATSFORVALTEREN I TROMS OG FINNMARK  
TROMS OG FINNMARK FYLKESKOMMUNE  
VARANGER KRAFTNETT AS



## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

*Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*